

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp, V og MDG fram slikt forslag:

"Saken utsettes for behandling i fagutvalget, utvalg for miljø og samferdsel, før ny behandling i fylkesutvalget. Saken konsekvensutredes av administrasjonen før behandling i utvalg for miljø og samferdsel."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

1. "Det vert innført mellombelse kollektivfelt på alle firefelts innfartsårar i periodar med varsel om forureina luft som gjev helsefare. Kollektivfelt vil gje eit betre tilbod og auke moglegheitene for effektiv bruk av bussane.
2. Farten vert sett ned til 60 km/t for å redusera faren for trafikkulykker og for å redusera utslepp.
3. Det vert iverksett eit arbeid for å vurdere korleis kollektivfelt kan bidra til justerte ruter ved raskere og køfri framkomst for bussane."

**Røysting**

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høg luftforureining.
2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.
3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
  - a) Takstnivå og forureiningsnivå:  
Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for NO<sub>2</sub> og PM<sub>10</sub>, som er venta å vare i to dagar eller meir.
  - b) Praktisk gjennomføring:  
Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.
  - c) Kostnader og finansiering:  
Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.
4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.
5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland

fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørende at tiltaket er klart til å kunne iverksettest i god tid før vinteren 2016/2017.

6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.
7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog med fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.